



Vår ref.  
22/710-13/ ARS  
23/2683

Dykkar ref.

Arkiv  
K1-614

Dato:  
09.03.2023

## Mulighetstudie Flekke skule og barnehage

Flekke skule/SFO og Flekke barnehage vart bygd i 1977-79 med påbygg i 1997. Bygningsmassen er nedsliten og har for få klasserom og areal til barnehagen med dei barne- og elevprognosar vi ser framover.

Skulen manglar også grupperom og rom for spesialundervising.

Arbeidstilhøva for tilsette er ikkje tilfredstillande med omsyn på innemiljø, arbeidsplassar, toalett og garderober.

For å ivareta krav i lov og forskrift både for borna og dei tilsette på skulen og barnehagen er det trond for ein gjennomgang av situasjonen og å setje i verk eventuelle tiltak.

For å få oversikt over mogelege løysingar vedtok kommunestyret i sak 011/23 at administrasjonen skal gjennomføre eit forstudie (mulighetstudie) for å finne og vurdere alternative løysingar for skule- og barnehagesituasjonen i Flekke.

Resultatet frå dette forstudiet skal leggast fram for kommunestyret 15 juni 2023. I dette møtet skal kommunestyret bestemme kva alternativ løysing som skal arbeidast videre med i eit forprosjekt.

### *Refransegrouper*

For å få gode innspel i denne saka ber vi om tilbakemelding frå grendalag, verksemder, tilsette, tillitsvalte eller andre som har direkte eller indirekte interesse i denne saka.

*Tabell 1 Referansegruppe*

Kommunalsjef oppvekst	Rektor Flekke skule og barnehage
Rektor Dingemoen	Tillitsvalt Flekke skule
Tillitsvalt Flekke barnehage	Hovudverneombod
Reinhaldsleiar, Fjaler kommune	Driftsleiar, Fjaler kommune
Verneombod Flekke skule og barnehage	Styrar Yksnebjør barnehage
Arealplanleggar Fjaler kommune	FAU Flekke skule og barnehage
Guddal grendalag	Flekke grendalag
Straumsnes grendalag	UWC
evt andre	

## LØYSINGSFORSLAG

I denne fasen i forstudiet er det viktig at alle mogelege alternativ vert vurdert.

Styringsgruppa har hittil utarbeidd 10 alternative forslag til løysingar. Det kan være andre alternative løysingar som vi ikkje er tenkt på.

Til kommunestyremøtet, 15. juni, vil vi summere opp og vurdere alle alternativa med fordeler og ulemper med eit overordna kostnadsoverslag.

Ut frå tilbakemeldingane frå dykk vil vi gje råd til kommunestyret at dei prioriterer dei 2-3 beste alternativa som skal utgreiaast vidare i eit forprosjekt der desse løysingane skal konsekvensutgreiaast og kostnadsreknaast.

## FRAMDRIFT

For å halde framdrift til kommunestyremøtet 15. juni ber vi ber om dykkar tilbakemelding/kommentarar for desse mogelege løysingane innan 17/4-2023.

Kommunen inviterer referansegruppene til fellesmøte på Flekke skule onsdag 22. mars kl 1800

## FYLJANDE ALTERNATIV SKAL VURDERAST OG EVENTUELTT UTGREIAST VIDARE.

I opplistinga under er ulike løysingsforslag nummerert med 1-2-3 osv.

Kvar alternativ vil ha fleire konsekvensar som er angitt med a-b-c osv.

Denne opplistinga kan/skal utvidast både med løysingsforslag og med konsekvensar.

### 1. *Påbygg av fleirbrukskall /kontorfløy mot sør (mot Flekkefjorden). Oppussing av eksisterande bygningsmasse i Flekke skule og barnehage.*

- a. Skule og barnehage er samlokalisert som i dag.
- b. Byggeprosessen kan gjennomførast i 2 kanskje 3 etappar.
- c. Bygget med ny fleirbrukskall vert fleksibelt og funksjonelt for fleire brukarar.

### 2. *Bygge ny frittståande kontorfløy mot nord (mot vegen) Oppussing av eksisterande bygningsmasse i Flekke skule og barnehage.*

- a. Skule og barnehage er samlokalisert som i dag.
- b. Byggeprosessen med kontorfløy kan gjennomførast uavhengig av skule/barnehagedrift.
- c. Oppussing av eksisterande bygningsmasse kan om ønskeleg gjennomførast trinnvis.

### 3. *Barnehagen flyttar ut av lokala dei har i dag.*

- a. Bygging av nytt barnehagebygg ein stad i Flekke.
- b. Skulen overtek lokala som barnehagen disponerer i dag.
- c. Eksisterande bygningsmasse må/bør oppussast.

### 4. *Barnehagen i Flekke vert lagt ned.*

- a. Borna i Flekke barnehage vert flytta til Yksnebjør/Elvetun barnehage.
- b. Skulen overtek lokala som barnehagen disponerer i dag.
- c. Eksisterande bygningsmasse må/bør oppussast.

### 5. *Skulen flyttar ut av lokala dei har i dag.*

- a. Bygging av ny skule ein stad i Flekke.
- b. Barnehagen overtek lokala om skulen disponerer i dag.
- c. Eksisterande bygningsmasse må/bør oppussast.

### 6. *Flekke skule vert lagt ned.*

- a. Borna i Flekke skulekrins må gå på Dingemoen skule.
- b. Barnehagen overtek lokala som skulen disponerer i dag.
- c. Eksisterande bygningsmasse må/bør oppussast.

*7. Enkelte klassetrinn på Flekke skule flyttar til Dingemoen skule.*

- a. Ledig undervisingsareal på Flekke skule vert frigjort.
- b. Eksisterande bygningsmasse må/bør oppussast.

*8. Flytte 2 klassetrinn til Guddal skule*

- a. *Det må etablerast ny skuleskyss til Guddal skule*
- b. *Ledig undervisingsareal på Flekke skule vert frigjort*
- c. Eksisterande bygningsmasse må/bør oppussast.

*9. Både Flekke skule og Flekke barnehage vert lagt ned.*

- a. Born i Flekke barnehage går på Yksnebjør/Elvetun.
- b. Elevar på Flekke skule går på Dingemoen skule.
- c. Bygningsmassen kan seljast eller nyttast til anna føremål.

*10. Rive både skulen og barnehagen i Flekke og bygge ny skule og barnehage i Flekke på same tomt.*

- a. Borna i skule og barnehage må gå i alternative lokale i byggefase i minimum 2 skuleår.
- b. Skulen vert moderne og tidsriktig.
- c. Trafikk- og parkeringstilhøva ved skulen kan forbetrastrast.

Med helsing

Arne Strand

ingeniør

Direkte tlf: 57738051

e-post: arne.strand@fjaler.kommune.no

*Brevet er godkjent elektronisk om det ikkje er signert.*

**Mottakarar:**

Birte Systad Høydal

Velaug Eikevik

KLEIVANE

6968

FLEKKE

FAU Flekke skule og  
barnehage

Flekke grendalag

Ingvard Flekke

kommunalsjef oppvekst

Guddal grendalag

Linn Iren Halvorsen

Nina Elise Hjartholm

Magnhild Hoddevik

Arealplanleggar

rektor Flekke skule og

barnehage

Petter Hagenlund

Bjerga 63

6963

DALE I SUNNFJORD

Hovudverneombod

Jostein Jarstad

Driftsleiar

Eli Terese Sande

rektor

Anita Nyland Skaar

Kleivane

6968

FLEKKE

Turid Straume

styrar Yksnebjør

**Mottakarar:**

barnehage

Straumsnes grendalag

UWC